

ÅRSMELDING 2018

FOR

RADØY SPORTSSKYTTARLAG

Årsmøte vart halde den 14 januar 2018.

I meldingsåret har styret vore samansett slik:

Øystein Dalland	Formann
Andrè Michelsen	Nestformann
Arnfinn Halland	Kasserar
Martin Soltveit	Materialforvaltar
Aleksander Mogen	Styremedlem
Kornelius Manger	1 Varamedlem
Harry Helland	2 Varamedlem

Året 2018 har vore prega av mykje dugnadsarbeid på anlegget i Stokkedalen. Aktiviteten i laget var fram til hausten bra i Stokkedalen. Etter skytinga vart flytta til Radøyhallen har aktiviteten gått ned.

Blant seniorane er aktiviteten liten.

Økonomien i laget er tilfredstillande, men laget er heilt avhengig av samarbeidet med Radøy Skyttarlag for å kunna eksistera.

Samarbeidet med Radøy Skyttarlag har som vanleg fungert godt, både med tanke på leige av bane, våpen og dugnadsarbeid i Stokkedalen.

Arbeidet med Stokkedalen Skyteanlegg har kome godt i gang. Andre byggjetrinn på 100m riflebana vart ferdigstilt i 2018. Spelemiddelsøknad for 200 m riflebane er sendt inn og det er forventa utbetaling av midlar for 100m i 2019.

Det er særst viktig for laget at det blir jobba for å auke rekrutteringa. Det bør derfor vurderast om laget bør ha ein eigen ungdomsansvarleg.

Til slutt vil styret takka for samarbeidet i året som har gått og ynskja lukke til i 2019.

Alversund den 27 desember 2018.

For styret i Radøy Sportsskyttarlag

Øystein Dalland

Formann